

Bygdeutviklingsmidlar til investeringar i landbruket

Skal du starte ny næring på eller i tilknytning til gardsdrifta?
Vil du vidareutvikla eller utvida den tradisjonelle landbruksproduksjonen på bruket ditt?
Du kan søkje om investeringstilskot og rentestøtte til nytt rentebærande lån til investeringa.

Føremålet med BU-midlane

Bygdeutviklingsmidlane skal nyttast til å legge til rette for næringsutvikling som dannar grunnlag for langsiktig, lønsam verdiskaping og desentralisert busetting med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedommen spesielt. Det skal også leggjast til rette for eit landbruk der kvinner og menn vert gitt like muligheter.

Målgruppe for BU-midlane

Hovedmålgruppe for BU-midlane er personar/-bedrifter med tilknytning til landbrukseigedomar. Andre som på ein særleg måte medverkar til utvikling av bygdene, kan også kome inn under BU-ordninga.

Særleg prioriterte målgrupper er unge under 35 år og det underrepresenterte kjønn.

BU-midlane gjeld for heile fylket, men er retta spesielt inn mot bygdene. Generelt sett skal forvaltninga ha ein klar distriktsprofil. I marginale utkantsamfunn skal ein strekke seg langt for å få til nye nærings- og utviklingstiltak. Også i andre bygder med klart utkantpreg har prioritet i arbeidet med landbruksbasert næringsutvikling.

Når det skal løyvast BU-midlar til eit konkret tiltak, gjeld fylgjande prioritering:

- Midlane skal vera utløyssande for at tiltaket vert gjennomført
- Det er krav om bedrifts- og /eller samfunnsøkonomisk lønsamd:
 - Utviklings- og tilretteleggingstiltak må vise vekstpotensial
 - Investeringsstiltak må vera bedriftsøkonomisk lønsame
- Samspel mellom fleire aktørar har prioritet
- Nyskaping har høg prioritet

Tilskot og rentestøtte til investeringar

For å utløyse investeringsmidlar må prosjektet kunne definerast som eit større løft for bedrifta, normalt frå kr. 400 - 600 000 og oppover.

Til investeringar i faste anlegg og tilhøyrande produksjonsutstyr av varig karakter kan det løyvast :

- Investeringsstilskot, inntil 30% av godkjent kostnadsoverslag. Tilskot på inntil kr. 750 000 vil bare bli løyvd til dei høgaste prioriterte prosjekta i høve til strategien.

- Rentestøtte er tilskot til reduksjon av rente på lån til investeringsføremål. Rentestøtta utgjir 50% av renta på tre års statsobligasjonar, berekna ut frå dei tre føregåande års rente. Maksimalt kan rentestøtta utgjere 4 prosentpoeng.

For 2010 er støttesatsen 1,3%. I Rogaland vil rentestøtte bli prioritert til lånebeløp innafor 70 % av investeringa. I tråd med strategien vert tilskotsmidlar og rentestøtte prioritert i ein sammenheng. Dette slik at rentestøtte fortrinnsvis vert innvilga til større prosjekt, der ei god virkning kan påreknast og at det for dei mindre prosjekta til gjengjeld vert løyvd ein noko høgare del tilskot. Vanlegvis vil rentestøtte først bli aktuelt til lånerammer frå kr. 1 million og oppover.

Det kan ikkje løyvast investeringstilskot eller rentestøtte til:

- anlegg eller produksjonsutstyr som er anskaffa ved leasing eller anna leige
- løpande drift av bedrifter
- gjeldssanering, garantiar eller å teikne andelar/ kjøpe aksjar i privat verksemd
- dersom leigd areal skal nyttast som arealgrunnlag, må søkjar kunne dokumentere leigeavtale eller forpaktingsavtale med ei slik varighet at tiltaket kan gjennomførast på ein forsvarleg måte.

Overteke gardsbruk? Du kan søkje tilskot ved generasjonsskifte

Det kan løyvast tilskot til personar under 35 år, som i samband med overtaking av landbrukseigedom treng å gjennomføra mindre investeringar, i hovudsak knytta til driftsbygningar.

Med mindre investeringar vert det vanlegvis forstått prosjekt inntil kr. 750.000. Tilskot kan løyvast med inntil 40% av godkjent kostnads-overslag. Til det underrepresenterte kjønn kan det løyvast tilskot på inntil 60% av godkjent kostnadsoverslag. På grunn av stor pågang i Rogaland vil løyving opp mot maksimal presentsats i BU-forskrifta vanlegvis ikkje kunne påreknast.

Det vert lagt til grunn at ny brukar normalt søkjer BU-midlar til aktuelle investeringar frå ordninga innan 5 år etter overtakinga. Det skal leggst særleg vekt på utløyising av utviklingspotensiale og framtidig økonomisk grunnlag/berevne i den omsøkte produksjon.

Neste generasjon skal som hovudregel ha overteke ansvaret for drifta av bruket før det vert søkt eller løyvd støtte til investeringar i samband med generasjonsskifte.

Prioriterte tiltak innafør nye næringar

Sjå eige produktark for nye næringar, eller på www.innovasjon norge.no/rogaland under landbruk.

Prioriterte tiltak innafør tradisjonelt jord- og hagebruk

Strategi for landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland 2010 har desse prioriterte tiltaka:

- Tilpassingar etter nye krav om hald av storfe
Investeringane må styrke bruket si inntening. Bruket sine utviklingsvilkår må vurderast ut frå realistiske marknadsmessige rammer
- Bruk i utkant avgrensa inntjeningspotensiale/produksjonsvolum
Investeringar vert vurdert særskilt i høve til synergjar med evt. andre produksjonar på bruket og i høve til kulturlandskapspleie
- Miljøtiltak i Figgjovassdraget som pilot i vassdirektivet
- Gardsbruk/gartneri med utviklingsmuligheter
i form av kompetanse, personlege eigenskapar, areal- og ressursgrunnlag, leveringsavtalar som gjev grunnlag for kostnadsreduksjonar i volumproduksjonane
- Ny innovativ eller endra organisering av produksjonen
for å auke konkurransekraft og lønsemd knytt til samarbeid og økonomi i prosjekta
- Lønnsame satsingar på mjølkeproduksjon
i Dalane, Ryfylke, Haugaland og indre Gjesdal
- Sau, geit og ekstensiv storfeproduksjon
- prosjekt med fokus på driftssystem, tilrettelegging og investeringar til desse dyreslaga som kulturlandskapspleiar i område med for lite beitedyr
- for sau vert samarbeidsløysingar/spesialisering prioritert
- Prosjekt og investeringar som gjev synergjar for reiseliv ved ivaretaking av viktige kulturlandskapselement
- Veksthus - pilot ENØK-tiltak, samt pilot bioenergi

Prioriteringar og avgrensingar i forhold til ulike prosjekt

• Etappevis utbygging

På bruk der ein ynskjer å gjennomføra større investeringar fordelt over fleire etappar må dette beskrivast, tidfestast og det må leggst fram informasjon som viser at det samla prosjektet vil vera lønsamt. Maksimal tidshorisont for gjennomføring bør ikkje overstiga 5 år.

• Store landbruksbygg

Prosjektering av nye store landbruksbygg særskilt tilpassa landskapet vil kunne utløyse planleggingsmidlar for prosjektet, eller takast med som del av kostnadsgrunnlaget ved investeringa. Kostnader til kjøp av profesjonell byggeleing for store landbruksbygg kan takast med i kostnadsgrunnlaget for prosjektet.

• Sau

- Ekstra bygningsareal til lemmingsgardar vil normalt ikkje verte godkjent, då behovet til lemmingsgardar er svært tidsavgrensa. Her må ein nytta anna ledig bygningsareal i denne tidsperioden.
- Forrom på ca 50 m2 til reine sauefjøs vil normalt vera tilstrekkeleg
- Nye sauehus skal normalt oppførast uisolert, eller i tilsvarande løysingar
- For særleg nyskapande prosjekt innafør storfe og sau vil det kunne gjerast unntak i forhold til avgrensingar på storleik og geografi.

• Mjølkekyr

Investeringar innafør mjølkeproduksjon med produksjonsvolum over ca 400.000 liter kvote vert normalt ikkje prioritert på Jæren. Ved nyinvesteringar må det bak investeringa ligge eit produksjonsomfang som står i naturleg forhold til produksjonen på bruket. Normalt vert det i sentrale mjølkeproduksjonsområde på Jæren difor ikkje gitt BU-midlar kor det er planlagt for meir enn 25% overkapasitet i forhold til kvotegrunnlaget. I prioriterte område i dei andre regionane utanom Jæren kan overkapasiteten vere høgare, men slik at totalprosjektet er bedrifts-økonomisk lønsamt ut frå produksjonsomfang på tidspunktet det vert søkt. For større satsingar med over 400.000 liter i kvote vil normalt maksimalt 25% overkapasitet vere regelen også i desse regionane.

Alle bygg blir vurdert i høve til den produksjon som dei skal nyttast til rett etter oppføring av bygget - i heile levetida for bygget. Normalt vert bare nybygg/tilbygg som lågbygg prioritert. Dersom estetik og praktisk løysing tilseier noko anna, vil den naturlege del av høgbygget tilpassa forrom kunne verta godkjent. For prosjekt med mjølkerobot vert det lagt til grunn at prosjektet bør ha ein mjølkekvote på minimum 300.000 liter før robot kan prioriterast, fordi ein må søkje å få god utnytting av slik kapitalkrevjande investering.

• Gjødsele- og grovforlager

Ved nybygg kor gjødselelager og/eller grovforlager er ein del av nybygget, og dermed totalkostnaden, vil desse kunne inngå i kostnadsgrunnlaget for vurdering av BU-midlar. Ved påbygg til eksisterande driftsbygningar der gjødsele- og/eller grovforlager er ein del av påbygget, vil dette verte ei skjønsmessig vurdering kor kravet til lønsemd vil vere det mest sentrale. Bygging av gjødselelager og/eller grovforlager aleine har ikkje prioritet.

fortsetjing av Prioriteringar og avgrensingar i forhold til ulike prosjekt

- Kapitalkrevjande mekanisering

Mekanisering i ulike prosjekt vil bli vurdert ut frå lønsemdivurderingar knytta til den produksjonen investeringa skal brukast i, og den sparte arbeidsinnsatsen dette fører til.

- Vedlikehald

Vedlikehald av bygningar er generelt å rekne som løpande drift, og er difor ikkje prioritert iht. forskrift om BU-midlar

- Gris og fjørfe

Desse produksjonane er ikkje prioriterte i strategien.

Kostnadskalkylar

Utgangspunktet for kostnadskalkylar skal i regelen vera prisar baserte på eksterne tilbod, helst frå fleire leverandørar. Alternativt Folkefjøset på Jæren sin priskalkulasjon, eller andre som bygger sin priskalkulasjon på prisar frå Rogaland. Skal heile eller delar av arbeidet i pristilbuda utførast som eigeninnsats, bør pristilbuda visa kostnad til materiell og arbeid kvar for seg.

Søk for oppstart av prosjektet

For søknader der investeringa er gjort, eller der vesentlege deler av tiltaket er gjennomført, vil hovudregel vera at søknaden vert avslått.

Søknad

Det er ikkje søknadsfrist for BU-midlar. Søknad skal sendast til landbrukskontoret i den kommunen der eigedomen ligg. Søknadsskjema finn du på www.innovasjon norge.no/soknader eller på landbrukskontoret. Du kan også søkje via internett.

Vedlegg til søknader om BU-midlar til investeringar i landbruket

Tradisjonelt jord- og hagebruk

1. For alle søkjarar

1.1. 5-årig driftsplan / forretningsplan

1.2. Ved bygningsarbeider:

a. Teikningar for alle etasjar:

- planteikning, målestokk 1:100

- snitt-teikning, målestokk 1:50

- fasadeteikningar, målestokk 1:200

b. Detaljert kostnadsoverslag (eksl. mva) basert på pristilbud frå leverandørar eller kostnadsoverslag frå Folkefjøset på Jæren/Norsk Landbruksrådgivning

1.3. Finansieringsplan

1.4. Lånetilsagn / innsjansavtale for lån i bank - ved søknad om rentesøtte

1.5. Nødvendige offentlege løyve, inkludert byggjeløyve

1.6. Kart over eigedomen med nytt tiltak inneikna

1.7. Siste to års tilgjengelege:

a. næringsoppgåver

b. sjølvmeldingar søkjar

c. sjølvmeldingar ektefelle/sambuar

1.8. Driftsgreinanalysar som viser oppnådde dekningsbidratstall i produksjonane på bruket

1.9. Ved leige / kjøp av mjølkekvote:

a. Statens Landbruksforvaltning si godkjenning av leige-/kjøpeavtale

b. kopi av leigeavtale / kjøpekontrakt for kvote

1.10. Leigeavtalar for jord - når drifta av bruket og investeringa i stor grad er basert på leigejord

2. Når søkjar er deltakar i samdrift - tilleggsinformasjon til pkt. 1

2.1. Driftsplan for samdrifta

2.2. Samdriftsavtale/selskapsavtale mellom deltakarane i selskapet

2.3. Godkjenning av samdrifta frå Statens Landbruksforvaltning

2.4. Firma-attest for samdrifta/selskapet

2.5. Kopi av leigeavtalar mellom samdrifta/selskapet og kvart av bruka i samdrifta for areal, dyr, bygningar m.m.

3. Når søkjar er ei samdrift/selskap - tilleggsinformasjon til pkt. 1:

3.1. Driftsplan for samdrifta

3.2. Driftsplan for kvart enkelt bruk i samdrifta

3.3. Driftsplan for eventuelt eigedomsselskap

3.4. Sjølvmeldingar og næringsoppgåve for alle bruka i samdrifta

3.5. Kopi av leigeavtalar mellom samdrifta/selskapet og kvart av bruka i samdrifta for areal, dyr, bygningar m.m.

3.6. Leigeavtale for bygning mellom samdrifta og eventuelt eigedomsselskap

3.7. Kopi av tinglyst skjøte og konsesjonsdokument for tomt og leigeavtalar

4. Søknad om lån til kjøp av tilleggsjord, kjøp av gardsbruk, investeringar, refinansiering og bustadhus - tilleggsinformasjon til pkt. 1

4.1. Søknadsskjema om lån (skjema IN-1000)

4.2. Beskriving og verddivurdering - skal fyllast ut av kommunen (skjema IN-2000)

4.3. Konsesjonsdokument eller tinglytingsdokument for kjøp som treng konsesjon

4.4. Kjøpekontrakt

Vedlegg til søknader om BU- midlar til investeringar i landbruket

Nye næringar

1. Forretningsplan

Saman med søknadsskjema må det utarbeidast ein forretningsplan der verksemda blir presentert.

Forretningsplanen bør innehalda følgjande punkt:

- bakgrunn for å etablere verksemda
- kva for produkt/teneste?
- aktuelle kundar/marknadspotensiale
- konkurrentar
- sterke og svake sider
- marknadsføringsplan
- samarbeidspartar, nettverk
- organisering / selskapsform
- framdriftsplan

2. Resultatbudsjett

Det må setjast opp eit resultatbudsjett som viser forventede driftsinntekter og kostnader dei første 5 åra.

3. Kostnadsoverslag (eksl. mva)

4. Finansieringsplan

5. Diverse vedlegg

Bygningsteikningar, eventuelle offentlege løyve, sjølvmelding og næringsoppgåve 2 siste år.